

PROTOKOLL

REGIONUTVALG NORD-NORGE		
Møtested:	Quality Hotel Saga, Tromsø	
Dato/tid:	14. mars kl 10.00 – kl 15.30	Protokoll: 01/17
TIL STEDE:		
Arbeidsutvalg Nord-Norge:	Pål Ove Wika, Endre Østbø, Fred Tore Fagereng, Ragnhild Engan, Merethe Sund og Svein Slåtsveen.	
Regionutvalg Nord-Norge:	Markus Heiberg, Stine Jelti, Jan Håland, Jørn Vidar Romsdal, Morten Fredriksen, Ivar Enoksen, Paul Johansen, Endre Borch, Kristian Rognli, Geir Tommy Pedersen, Steinar Gamst, Lisa Tollefsen, Elbjørn Pettersen, Martin Ness, Birgitte Rørvik Bruun, Rune Sandvik, Roger Jakobsen, Grete E. Arntsen, Gunnar Fredriksen, Elin Hansen Vik, Einar Kristiansen, Fred Tore Fagereng, Sissel Haraldsvik Johansen, Ole Martin Kristoffersen, Leif-Kåre Halvorsen, Ragnhild Engan, Kari Danielsen, Bjarne Johansen, Jan Storteig, Ketil Christoffersen, Jan Albert Steindal, Jørn Ellingsen, Kjell Magne Sandmo, Kåre M. Gjesbakk, Jens Rydsaa, Liv Kari Huskebakk, Lars Petter Røssvoll, Endre Østbø, Sigurd Langfors, Hugo Mørk, Olaf Paulsen, Lene Borgan, Bente R. Børshheim, Peter D. Nikolaisen, Merethe Sund, Roy Harry Dypaune, Bernt Andreassen, Håvard Knygh, Gro Estensen, Bernt S. Skarstad, Lillian Sæterstad, Berit Hundåla, Frode Bjørnå og Trygve Fridheim.	
Valgkomité Nord-Norge:	Einar Kristiansen, Wanja Rakvaag og Jan Håland	
Andre:	Else Norheim (sentral valkomité), Liv Julie Wågan (kontrollkomitéen), Bernt Mikalsen (gjest), Svein Johnny Paulsen (gjest)	
Forfall:	Bjørn Tore Søfting (vara Markus Heiberg møtte), Anne May Olli, Torstein Hanssen, Jon Evald Hætta (vara Jørn Vidar Romsdal møtte), Anton Sandmo (vara Ivar Enoksen møtte), Jan-Tore Aronsen, Per-Arne Slettmo (vara Lisa Tollefsen møtte), Vegard Svendsen, Bernhard Halvorsen, Yvonne Kvernmo, Øivind Hansen, Glenn Knædal (vara Johnny Dahl Hansen møtte), Ole Magne Berg (vara Kari Danielsen møtte), Frøydis Forsmo, Merethe Hjerpbakk, Odd Even Pedersen (vara Lars Petter Røssvoll møtte), Ynge Herigstad (vara Lene Borgan møtte), Espen Hald, Lisa Juliussen, Ajna Nystad (regional valkomité), Øyvind Knapstad (regional valkomité) og Svein Inge Jakobsen (regionsjef).	
Konsernstyret:	Teig Madsen	
Administrasjonen:	Harald Ullevoldsæter, Arne Flatmo, Pål-Kenneth Løvås og Brit Kari Eidseflot Hauger	
Referent:	Brit Kari Eidseflot Hauger	

Sak nr	Sak
1	<p>Konstituering av møtet</p> <p>Pål Ove Wika ynskte velkommen og Brit Kari Eidseflot Hauger føretok opprop.</p> <p>Ingen merknader til innkalling og sakliste.</p> <p>Vedtak:</p> <p>Innkalling og sakliste vart godkjent.</p> <p>Bente Børshheim og Markus Heiberg vart valt til å godkjenne protokoll saman med møteleiar.</p>

2	Årsmelding og rekneskap for Nortura SA <p>Teig Madsen orienterte om formålet til Nortura, resultatrekneskapet, konsernbalansen, forslag til disponering av årsresultat, etterbetalinga si fordeling mellom dyreslag etter avrekningsverdi og fordelinga av den totale omsetninga. Vidare om utvikling 2017, prognose 2017, fordeling av eigenkapital i konsernet, etterbetalingspolicy, etterbetalingsfond – Nortura sin definisjon og praktisering, medlemskapitalkonto – store avsetningar og god avkastning, samt regelverk for utbetaling av medlemskapital og tilleggsandelsinnskot.</p> <p>Brit Kari ga ei oppsummering frå kretsmøta si behandling.</p> <p>Spørsmål/kommentarar frå følgjande: Martin Ness, Bernt Skarstad, Einar Kristiansen, Berit Hundåla, Svein Slåtsveen og Geir Tommy Pedersen</p> <ul style="list-style-type: none"> • Reknar med at vedtaket frå krets 11 Astafjord og krets 12 Astafjord vert tatt opp til votering her? • Lett å vere einig med Teig om at vi skal tenke oss godt om før Nord-Norge trekket vert berørt. Struktur i Nord-Norge er strekt maksimalt og vel så det, kan utfordre resten av landet på tilsvarende. Tenke oss godt om før vi går vidare. • Har tidlegare vore klar på at vi skal ta saka vidare. Det er no tatt opp i konsernstyret, er vurdert å halde på dette nivået og bør ikkje takast vidare no. Samtidig forventning frå regionen om at trekket skal reduserast så mykje som råd. • Krona utgjer 20-25 mill for nordnorske bønder no, var meir tidlegare, til saman milliardbeløp. Tatt opp på kretsmøtet i Midt-Troms og Astafjord med einstemmig vedtak. Forstår jo kvifor ikkje bøndene er klar over dette, med oppmøteprosent på 18 % på kretsmøta. Prisløypa: Vert pengar av dette. Ynskjer at det vert stemt over det i RU-møtet. Vi er eigarar av Nortura, grunnplanet må få seie si meining. Dette må kunne ordnast internt i Nortura, men vert skremt med kva politikarar kan gjere. Distriktstilskotet må vi tote å diskutere, distriktslandbruket i Troms er utfordra. Er sikker på at vi får alle nordnorske politikarar med oss på at vi treng den nordnorske produksjonen. • Har vore tillitsvald sidan Nord-Norges salgsdag. Tillegget skulle kompensere for slakteri og gardsdrift. Etter 2006 lik fraktbelastning, og nesten lik pris. Grunnlaget for ekstra tilskot har vorte borte, men ei krone heng att. Saka har lege som eit gnagsår, nye tillitsvalde kjem til og synest det er blodig urettferdig. Må ha med bakgrunnen. Nortura har økonomi til å bere eit prisløft i Nord-Norge, men spm om krona vert tatt frå oss av staten. Vart forsøkt på gris i 2009, med at det ikkje var skilnad i produksjonskostnaden. Dagens regjering er ikkje villeg å satse på distriktslandbruket. Ny jordbruksmelding har mange forslag som går på sentralisering. Dersom vi får vedtak i Nortura på lik pris, kan det verte tatt opp i regjeringa. Kan be konsernstyret om å gjere ei berekning av industriulempen i Nortura, og kor mykje utgjer det av krona. Smertefull prosess med nedlegging er gjennomført. • Distriktstilskotet er todeling mellom industriulempen og produksjonsulempen. Vert kompensert gjennom distriktstilskot, så vi har ikkje totalt tap på 20-25 mill. Vil få utgift i Nortura på 20-25 mill ved å ta bort trekket, som heile Nortura må bere. To-delinga i forskrifta inneber at den delen av distriktstilskotet som skal dekke industriulempen kan verte tatt bort. Kostnaden med produksjonsutgiftene i regionen og bøndene sine ulepper bør utredast. • Russisk rulett å spele på krona med den regjeringa vi har no. Greitt å parkere denne diskusjonen, inntil vidare. Er berekna meirkostnaden i svineproduksjon tidlegare. Mange som ikkje forstår balansen mellom distriktstilskot og Nord-Norge trekk i resten av landet også, treng opplæring. • Vi tenker likt ser eg, kvifor ikkje få ei undersøking av industriulempen. Få ein ordentleg rapport, framfor å skreme med ulike regjeringar. Vil ikkje parkere saka. • Merka meg strukturendringane. I TINE investerer ein no sørpå for å styrke strukturen. I presentasjonen av rekneskapt sagt at ein avventar investeringar i struktur i sør. Intern
----------	---

	<p>fordeling av industriulemper bør fram. Korleis den skal kompenserast bør vurderast grundig, før evt avstemming.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ber om at AU tek saka vidare, treng ikkje ny voting, det hadde vi i RU-møtet i fjor. • I min verden vert forslag tatt til avstemming, uavhengig av om det vart tatt til avstemming i fjor. Håpar vi kan ta det internt i Nortura, kan øydelegge for oss å dra det mot media. Må tote å ta opp hanske, finnast ikkje politisk vilje til å legge ned landbruk i nord, må då ha rammevilkåra. Vil legge fram forslag for avstemming under Open post. <p>Teig og Pål Ove kommenterte og svarte på spørsmåla.</p> <p>Vedtak: Regionutvalet tek gjennomgangen av årsmelding og rekneskap, samt oppsummeringa frå kretsmøta til orientering.</p>
3	<p>Forslag til vedtektsendringar</p> <p>Pål Ove orienterte om kretsane sine tilbakemeldingar.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Berit Hundåla og Einar Kristiansen.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Fornuftig med 3-årig funksjonstid for valkomiteane. Sentral valkomité har lagt fram alternativ innstilling, etter nye og gamle vedtekter. Kvifor er ikkje det gjort for regionutvalet si innstilling i dag? • Forheld oss til gjeldande vedtekter i dag, må forholde oss til nye vedtekter i arbeidet for 2018. Vil då verte loddrekning om funksjonstid. Tek konsekvensen av årsmøtet sitt vedtak neste år. <p>Brit Kari kommenterte og svarte på spørsmåla</p> <p>Vedtak: Regionutvalet tek oppsummeringa frå kretsmøta si behandling av vedtektsendringane til orientering.</p>
4	<p>Nortura treng å auke verdiskapinga/foredlingsgraden per slakt – korleis få til det?</p> <p>Harald orienterte om at daglegvare er den største salskanalen, stabilt salsvolum, Nortura sin marknadsandel i daglegvare inkl Norfersk utgjer ca 45%, daglegvaremarknaden i voldsom endring, kjedene har ulike hovudsamarbeidspartnarar, verdiandelsutvikling innan Nortura sine varegrupper totalt, kva kjenneteiknar utviklinga i daglegvaremarknaden, korleis møter Nortura denne utfordringa, hovudsatsingar i 2017, styrka satsing på mat med identitet innan PROFF, prioritering offentleg sektor, samt nye salskanalar. Kategoriplanar: Samfunns- og mattrendar, vi må styrke merkevareposisjonane og vi skal ta marknadsandelar også på EMV. Innovasjonsprosjekt: Nortura si vegetarsatsing, Digi-mat, prosjekt «Eldregull», forstudie «Griseløft», Nortura sin forskingsaktivitet og forskingspartnarar, og nye forskingsprosjekt i 2017.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Geir Tommy Pedersen, Sigurd Langfors og Svein Slåtsveen.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Thulefjordprodukta vart ikkje nemnt. • Kjedene har også eksklusive EMV, har vi strategiar for det? Ligg mogelegheit for meirpris her. • Lansering mot Felleskjøpet med sal i FK-butikkar, er det kome vidare? • Nortura og emballasje i forhold til mikroplast, er det vurdert? Er utnytting av slaktelinjene i nord tema, med produksjon og dekking av nordnorske marknaden, med regionale produkt? <p>Harald kommenterte og svarte på spørsmåla.</p>

5	<p>Open post/lokale saker</p> <p>Pål Ove orienterte om innspel frå Sør-Helgeland krets om å løfte kvalitetstillegget på O-klassen. Dette vert sendt vidare som innspel til jordbruksforhandlingane. Han oppfordra vidare til at Rema ikkje vert boikotta, men at ein etterspør varene våre der, som t.d. Vegagrøs.</p> <p>Sigurd Langfors presenterte eit forslag om mentorordning for nye bønder i Nortura. Pål Ove ga honnør for eit godt forslag, og vil ta det vidare i AU.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Jørn Ellingsen og Pål Ove.</p> <ul style="list-style-type: none"> • I kretsmøtet vårt var Bente Roer frå styret, og sauebøndene var spent på kva som skal gjera med reguleringslager. Vart oppfatta som at ho fekk beskjed om at lageret skulle ut i marknaden før sesongen, noko som skulle offentleggjerast snart. Feilkommunikasjon? • Ein idé om at reguleringslager kan nyttast til u-hjelp eller nødhjelp? • Korleis ser budsjett og prognosar ut for Norfersk, kjem vi ut i overskot i nærmeste framtid? <p>Martin Ness la fram forslag til vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. RU Nord-Norge ber AU, faglaga og konsernstyre arbeide for lik avrekningspris over heile landet 2. Konsernstyret får i oppdrag å kartlegge industriulempene for Nord-Norge 3. Kostnadane med ulike produksjonar talfestast for dei ulike delane av landet. <p>Vidare fylgjande forslag:</p> <p>RU Nord-Norge ber Nortura lage ei prisløype på småfe tilpassa Nord-Norge grunna seinare lamming (1-2- mnd).</p> <p>Endre orienterte om prisløypa, med nettonoteringa, slakteresultat og eksempel frå ein leverandør. Pål Ove argumenterte også for at vi ikkje bør be om auka pris med marknadssituasjonen no. Kartlegging av industriulempene vil AU ta vidare.</p> <p>Forslaget om tilpassa prisløype vart stemt over med handsopprekking, med ei stemme for.</p> <p>Svein føreslo at det fyrste forslaget med 3 kulepunkt vert oversendt til det nye AU. Martin sa seg villeg til det, men presiserte at det er ein klar arbeidsordre til AU.</p> <p>Harald og Teig kommenterte og svarte på spørsmåla.</p>
6	<p>Val</p> <p>Det var 55 stemmeberettige tilstades. Einar Kristiansen la fram valkomitéen si innstilling.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Pål Ove og Berit Hundåla</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kvifor forslag på tidlegare 5. vara og ikkje 1. vara som årsmøteutsending? • Ynskjer info til RU om kven som ikkje tek attval, for kommunikasjon med valkomitéen og mogelegheit til å løfte fram nye tillitsvalde. Valkomitéen på berre 5 medlemmar treng innspel. Føreslått nye tillitsvalde utan erfaring i kretsarbeid. Er det ingen i RU som er gode nok? <p>Leiar i arbeidsutvalet: Valkomitéen føreslo Svein Slåtsveen, Lebesby.</p> <p>Morten Fredriksen føreslo Endre Østbø.</p> <p>Valet var skriftleg og Svein Slåtsveen vart valt for 1 år med 30 stemmer, Endre Østbø fekk 25 stemmer.</p>

<p>Nestleiar i arbeidsutvalet: Endre Østbø, Dønna. Valet var skriftleg og Endre Østbø vart valt for 1 år med 54 stemmer, 1 blank.</p> <p>Medlemar i arbeidsutvalet:</p> <p>Arbeidsutvalsmedlem gris: Valkomitéen føreslo Bente Børshheim, Vega, ny for 2 år</p> <p>Berit Hundåla føreslo Merethe Sund som AU-medlem gris, Bente Børshheim som vara AU og Håvard Knygh som ekstra vara dersom årsmøtet vel Merethe til konsernstyret.</p> <p>Valet var skriftleg og Merethe Sund vart valt for 1 år med 47 stemmer. Bente Børshheim fekk 8 stemmer.</p> <p>Arbeidsutvalsmedlem egg: Valkomitéen føreslo Svein Johnny Paulsen, Grane, ny for 2 år</p> <p>Merethe Sund føreslo Bjørn Arne Skoglund som AU-medlem egg.</p> <p>Valet var skriftleg og Bjørn Arne Skoglund vart valt for 1 år med 50 stemmer, Svein Johnny Paulsen fekk 5 stemmer.</p> <p>Arbeidsutvalsmedlem: Birgitte Rørvik Brunn, Evenes, ny for 2 år</p> <p>Ho vart samrøystes valt for oppført periode.</p> <p>Øvrige arbeidsutvalsmedlemar var ikkje på val:</p> <p>Arbeidsutvalsmedlem storfe: Fred Tore Fagereng, Bø Arbeidsutvalsmedlem småfe: Ragnhild Engan, Hamarøy</p> <p>Varamedlemar til arbeidsutvalet:</p> <p>Vara arbeidsutvalsmedlem storfe: Vegard Svensen, Lenvik, attval for 1 år Vara arbeidsutvalsmedlem småfe: Glenn Knædal, Andøy, attval for 1 år</p> <p>Begge vart samrøystes valt for oppført periode.</p> <p>Vara arbeidsutvalsmedlem gris: Valkomitéen føreslo Håvard Knygh, Sømna, ny for 1 år, dersom Merethe til styret</p> <p>Berit Hundåla sitt forslag om Bente Børshheim som vara AU og Håvard Knygh som ekstra vara dersom årsmøtet vel Merethe til konsernstyret, vart samrøystes valt for 1 år.</p> <p>Vara arbeidsutvalsmedlem egg: Endre Borch, Tromsø, ny for 1 år Vara arbeidsutvalsmedlem: Anne May Olli, Karasjok, attval for 1 år</p> <p>Begge vart samrøystes valt for oppført periode.</p> <p>Utsending til årsmøtet, i tillegg til arbeidsutvalet: Anne May Olli, Karasjok, ny for 2 år</p> <p>Ho vart samrøystes valt for oppført periode</p> <p>Varautsendingar til årsmøtet: Valkomitéen sitt forslag:</p>

	<p>1. Glenn Knædal, Andøy, for 1 år 2. Håvard Knygh, Sømna, for 1 år 3. Endre Borch, Tromsø, for 1 år 4. Vegard Svensen, Lenvik, for 1 år</p> <p>Forslag frå Berit Hundåla om Bente Børshheim som 1. vara</p> <p>Valet var skriftleg og Bente Børshheim vart valt for 1 år med 40 stemmer, Glenn Knædal fekk 15 stemmer.</p> <p>Øvrige vara vart samrøystes valt for oppført periode.</p> <p>Pål Ove føreslo Glenn Knædal som 5. vara. Han vart samrøystes valt for oppført periode.</p> <p>Valkomité i regionutvalet: Jan Håland, Porsanger, attval for 2 år Øyvind Knapstad, Alstahaug, attval for 2 år</p> <p>Begge vart samrøystes valt for oppført periode.</p> <p>Øvrige valkomitémedlemar var ikkje på val: Einar Kristiansen, Sortland Wanja Rakvaag, Rana Ajna Nystad, Skånland</p> <p>Leiar i valkomitéen: Einar Kristiansen, Sortland, samrøystes valt for 1 år</p> <p>Nestleiar i valkomitéen: Wanja Rakvaag, Rana, samrøystes valt for 1 år</p> <p>Varamedlemar til valkomité i regionutvalet:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Sigurd Langfors, Leirfjord, for 1 år 2. Knut Joakimsen, Hadsel, for 1 år 3. John-Inge Henriksen, Porsanger, for 1 år <p>Alle vart samrøystes valt for oppført periode.</p>
7	<p>Orientering frå årsmøtet sin valkomité Else Norheim orienterte om valkomitéen sitt forslag.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Pål Ove</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kvifor innstilt på Trine Hasvang Vaag, og ikkje nestleiar Per Heringstad? <p>Else kommenterte og svarte på spørsmålet.</p>
8	<p>Orientering om tilførselsarbeidet i Råvare og Medlem region Nord Arne Flatmo orienterte om utvikling i leveransar av storfe, gris og lam pr veke 9, slakting av lam før veke 38, vidareforedling i region Nord og samarbeid mellom tillitsvalde og administrasjon.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Roy Harry Dypaune, Jan Håland, Jan Albert Steindal, Merethe Sund, Peter D. Nicolaisen og Einar Kristiansen.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kan endra teljedato vere årsak til reduserte tilførslar av storfe?

	<ul style="list-style-type: none"> • Horn har vore i Alta og henta livkalv. Skammeleg at ikkje Nortura kan ordne fast transport av kalv. • 350 tonn mindre mjølk produsert i produsentlaget til Svartisen. Det utgjer mange kalvar, er jobb å gjere for at kvotene vert produsert. • Har de oversikt over utviklinga i antal mordyr av NRF og kjøtfe? • 1 900 færre mjølkekryr og auke på berre 900 ammekryr i regionen siste åra. • I TINE har dei ambassadørar for presentasjon av produkt, er det vurdert i Nortura? • Tillitsvalde kan gjerne nyttast i ein kampanjesetting for produkta våre. <p>Arne kommenterte og svarte på spørsmåla.</p>
9	<p>Arbeidet i kretsane og regionutvalet</p> <p>Pål Ove orienterte om arbeidet i arbeidsutvalet.</p> <p>Brit Kari orienterte om status for pilotprosjektet Ny Giv i kretsarbeidet. For dei øvrige kretsane vil ho ha handlingsplan innan 1. mai.</p> <p>Ingen spørsmål/kommentarar.</p>

Svein og Endre takka Bernt Mikalsen og Pål Ove Vika for innsatsen som tillitsvalde i regionutval Nord-Norge.

Pål Ove Wika
(sign.)

Bente Børshheim
(sign.)

Markus Heiberg
(sign.)